

Tingvoll, den 26.9.2005

NVE, Region Vest
Postboks 53
6801 FØRDE

UTTALE TIL SØKNAD OM LØYVE - TJERVAAGELVA MINIKRAFTVERK - HERØY

Naturvernforbundet i Møre og Romsdal viser til søknad om løyve for bygging av Tjervaagelva minikraftverk i Herøy kommune. Vi har fått utsett uttalefrist, jf. Sak 200404095-13.

1. Samla vurdering av vassdrag i kommunen

Naturvernforbundet har tidlegare bede kommunane om å ”grovsortere” vassdrag i ”raudt, gult og grønt” som ein slags lokal samla plan for å kanalisere bygging av mindre kraftverk til dei vassdraga der dei gjer minst skade, og slik at viktige småvassdragsverdiar blir tatt vare på utan utbygging. Sorteringa vil vere til stor hjelp for vurdering av litt større kraftverk også.

Etter det Naturvernforbundet kjenner til, har Herøy kommune ikkje gjort noko overordna vurdering av vassdraga sine på denne måten. Dette har vi fått stadfesta av kommunen no. Det at ei slik vurdering manglar, gjer at Naturvernforbundet er kritiske til å handsame søknaden om bygging av Tjervaagelva minikraftverk no.

Kommunen har truleg 4 vassdrag i aktuell storleik som kan vere mogleg å bygge ut. Dei undersøkingane som er gjort seier oss at det kan vere Tjørågelva som er mest verdifull av desse, men det er det uråd å vite noko om før dei andre vassdraga er undersøkt i nokon grad. Som ein friviljug organisasjon som aldri tener ei krone på at det blir bygd eit minikraftverk, kan det umogleg vere vårt ansvar å finne ut noko om dette. Men det er forferdeleg gale om det ikkje er nokon sitt ansvar. Kven sitt ansvar er det? Vi vil varsle her og no at viss ingen tek ansvar for å finne dette ut, kjem vi til å klage på eit eventuelt løyve til dette minikraftverket så langt og lenge det går. Det er leit for søkjar å bli utsett for dette, men vi ser ikkje anna råd.

Søknaden er dessutan mottatt eit stykkje ut i august, med uttalefrist 31.8.05. Mindre enn 3 veker er uhøyrte lite i ei slik sak, når det er så mykje som ein må finne ut av, samstundes som det og verserer fleire søknader av liknande omfang i andre kommunar.

2. Minstevassføring

Det er lagt opp til ein tilnærma tørrlagd strekning frå inntaksdammen i store delar av året. Naturvernforbundet er generelt skeptiske til slik tørrlegging. Ved tørrlegging av

elvestrekninga vil fossekallen utan tvil miste føresetnadene for hekking. Sjølv om fossekall i dag ikkje står på noko raudliste, vil utbyggingsbølgja av minikraftverk sannsynlegvis endre på det i løpet av få år. Etter ”føre var”-prinsippet må dette vektleggast.

Tjørvågosen naturreservat har som vernegrunn: Formålet med fredinga er å ta vare på ein vågos,- som den einaste på ytre Sunnmøre i verneplanen. Området har verdi som eit regionalt typeområde, der eit lite kystvassdrag renn ut i ein grunn våg og dannar ein gradvis overgang mellom elva og sjøen. Når vatnet blir leia bort frå elvefaret og gjennom eit turbinrøyr i staden, må ein rekne med at transport av mineral og næringsemne blir forandra. Utan at dette er undersøkt nærare, kan ein ikkje utelukke at verneverdiane i naturreservatet kan bli skadd av tiltaket. Denne mangelen ved søknaden er så alvorleg at den aleine bør vere nok til å stoppe søknaden.

Det finst ikkje biletmateriale i lag med søknaden. For å få ei forståing av korleis elva ser ut utover dei skildringane som finst, må vi følgeleg dra til staden, sidan ingen av dei hos oss som steller med slike saker har vore der. Vi er lei for det, men det vil representere utgifter til reise i storleik på minst kr 1000 og tapt arbeidsforteneste på meir enn det doble, så det makter vi ikkje på friviljug basis.

Ved stopp av turbinen vil konsekvensane for vassdraget nedstrøms bli tørrlegging av elva i store periodar av året. Viss det blir tale om utbygging, må det i så fall vere krav om omløpsventil ved stans.

Vi krev vidare at kanalen for overføring av vatn frå sidevassdrag blir sløyfa, for å sikre minstevassføring.

3. Vegbygging

Vegbygging, sjølv for korte strekningar kan representere store inngrep. Det er viktig at vegføringa blir godt tilpassa terrenget. Vidare at masser med stadeigen vegetasjon blir tatt vare på og brukt til å reparere dei sår som vil oppstå. Det står veldig lite om dette spørsmålet i søknaden. Når vi les mellom linene kan det vere tale om veg som går i sikkakk opp første del av lia, og så på den slakare øvste delen følgjer vegen røyrkata. Kva slags standard det kan vere tale om er det og sagt lite om. Kva storleik og verknad dette inngrepet har er det forferdeleg vanskeleg for oss å vurdere. Men det blir feil viss dette er ein sak som søkjar og skogetat skal ha hand om utan vidare innblanding.

Statens vegvesen har ein del dokumentasjon knytt til Oslofjordtunnelen når det gjeld revegetering som kan vere nyttige for vasskraftutbyggarar. Det gjeld også her.

Så langt vi forstår av biologirapporten vil vegen gå nær ein viktig lokalitet med kalksig oppe i lia. Lokaliteten har potensiale som det er viktig ikkje blir øydelagt. Vi er redde for at veginngrepet kan skiple dette. Naturvernforbundet meiner det må vurderast meir nøyaktig om det kan vere fare for ei skipling før det kan byggast veg. Viss skipling kan utelukkast, har vi ikkje merknad til vegframføringa på det punktet. Overvaking trur vi ikkje vil hjelpe på dette punktet. Har eit kalksig først blitt skipla, let det seg ikkje tilbakeføre.

Det står mellom linene at veg kan ha noko å seie for drift av skogen. I så fall vil kraftutbygging indirekte ha noko å seie for levevilkåra til kvitryggspetten som er i raudlistekategori V (=sårbar). Hogst i skogen i dette området kan føre til at levevilkåra for denne fuglen blir borte.

4. Røyrkata

Røyrkata vil og vere eit stort inngrep. Verknad og aktuelle tiltak er dei same for røyrgate som for veg. For passeringa ovafor kalksiget gjeld også det same.

5. Anna

I pkt. 2.5 blir det påstått at kraftverket kan bidra til å oppretthalde bosettinga på søkjar sitt bruk. Naturvernforbundet går ut frå at kraftverket kan tilføre grunneigar høgare inntekt, men kva slags verknad dette vil ha for busettinga i området trur vi ikkje nokon kan gje garanti om. Godt sildefiske vil truleg kunne ha omlag same verknad, gode valutatilhøve for skipsindustrien likeeins.

I pkt 3.11 blir det nemnt at området berre blir brukt av eigaren, og at vegbygging vil gjere det meir attraktivt for folk flest. Vi skjønar argumentasjonen, men vil ikkje gje vår støtte til dette. Med så mykje vegar som det er bygd, er terreng utan veg meir verdifullt for oppleving, sjølv om det ikkje ligg til rette for masseturisme.

Opplysningar vi har fått tyder på at det er fleire eigarar/rettighetshavarar som dette tiltaket vedkjem enn det søkjar har oppgjeve. Dei vi veit om går vi ut frå seier frå sjølv, men det er slike opplysningar som gjer at vi får liten tillit til det søkjar har presentert elles også.

6. Fastsetting av verdiar knytt til utbygd og urørt vassdrag

For mange år sidan var Naturvernforbundet sin sakshandsamar på ein leirstad i Finnmark. I løpet av fredagskvelden hadde det kome folk, og laurdagsmorgonen var det råd å sjå korleis landskapet var. Ei sjuårsgamal jente frå Havøysund stirte med store auge ut av vindauga, peika på bjørketrea og spurde far sin ”Kva er det der?” Det er slik det er å vekse opp i Havøysund utan tre i sikte. Om nokre år kan ungane i Herøy gjere det same når dei kjem til Geiranger og får sjå sitt første ville vassdrag. Slik skal det ikkje vere. Det mest verdifulle vassdraget i Herøy kommune vil om det blir det einaste attverande urørte vassdraget få ein referanseverdi for dei som veks opp, så elver ikkje blir noko ein berre ser på film. Verdien av eit slikt vassdrag er stor.

Det er alt eit freda område ved Tjøråvågosen, det er påvist eit mangfald av høgareståande planter som i alle fall ikkje er vanleg og det er påvist raudlisteartar i same landskapet. Dette samla gjer området eigna for naturopplevingar som komande slekter har bruk for. Dette er av stor verdi, sjølv om det er vanskeleg å setje nokon sum på denne verdien.

Det store artsmangfaldet seier oss at potensialet for raudlisteartar kan vere større enn det som går fram av den biologiske rapporten. Materialet seier lite om både dei mindre soppane, lav og om moser, som ut frå dei andre funna bør undersøkjast nærare.

7. Konklusjon

Det er påvist kvalitetar i heile landskapet som tilseier at området har store og ulike naturverdiar samla i eit område. Inngrep som tar ein bit av dette vil øydelegge mykje meir enn sjølve inngrepet.

I ein kommune og til ein viss grad ein region som har så få vassdrag av denne storleiken og typen er det heilt nødvendig å ha eit meir samla oversyn over naturkvalitetane før ein kan ta stilling til kva vassdrag som kan vere aktuelle å bygge ut. Før eit slikt oversyn finst, vil det ikkje vere mogleg å vurdere dei verdiane som går tapt ved ei utbygging.

Søknaden med dei opplysningane som her føreligg er ikkje tilstrekkelege til at saka er nok opplyst til at vedtak kan fattast. Vi ber difor om at NVE avviser saka til tilstrekkelege

opplysningar er lagt fram og saka har vore ute på ei ny høyring og med ein frist for uttale som gjer det mogleg å gjere eit skikkeleg arbeid utan å ta natta til hjelp.

Med helsing

Øystein Folden
leiar

Kopi:
Herøy kommune, postmottak@Heroy.kommune.no
Møre og Romsdal fylke, post@mr-fylke.org